

INVITASJON

Juni Dahr og Gard B. Eidsvold kjem til Garmo i Lom og viser sin versjon av Markens Grøde på låven på Garmostrædet, Garmo i Lom

fredag 26. juni 2009 kl. 19.00

laurdag 27. juni 2009 kl. 19.00

sundag 28. juni 2009 kl. 15.00

Dette er eit unikt høve til å få sjå fleire av stadane som er knytt til Knut Hamsuns tidlege barneår. I flg. Knut Hamsun sjølv og familien, vart dikteren født på Garmostrædet 4. august 1859. Den fyrste barndomsheimen hans – Hamsunstugu – er restaurert og står nå få meter frå låven. Næraste grannegard er Uppigard Garmo – den einaste verkelege garden som er omtala i romanen Markens Grøde. Litt lenger nede, ved Vågåvatnet, ligg Systun Garmo med den gamle kyrkjegarden der Garmoskyrkja sto. Knut Hamsun vart døypt der den 28. august 1859. I dag er kyrkja på Maihaugen på Lillehammer. Ca 500 meter lenger aust ligg Hesthagen der han budde det året han gjekk for presten. Knut Hamsun vart konfirmert i Lom stavkyrkje den 4. oktober 1874. Og på butikken i Hesthagen hadde han sin fyrste jobb som ekspeditør. Dei andre gardane i grenda er og på ymse vis knytt til Knut Træet som han vart kalla både i Lom og på Hamarøy før han tok namnet Hamsun. 13 km lenger vest ligg Fossheim hotell der Hamsun feira 75 års dagen sin i 1934. Det blir høve til å kome inn i Hamsunstugu for den som ynskjer det.

Framsyinga varer 1 time og 40 minutt utan pause. Billett pris kr. 280.- pr. stk. Billettar kan kjøpast på www.billettsservice.no eller i låvedøra. Dei kan og bestillast på tlf. 90738489 eller e-post: tkjok@online.no

Dette er siste sjanse til å få med seg denne versjonen av Markens Grøde i Gudbrandsdalen! Turneen avsluttar hausten 2009.

Treng du overnatting, sjå oversikt over hotell, pensjonat og hytter på www.visitjotunheimen.com eller ring Turistinformasjonen i Lom, tlf. 61212990.

Velkomen til Markens Grøde på Garmostrædet!

For lokal arrangør
Torunn Kjök

tlf. 90738489

www.hamsunlagt.no